



Vest

Landbrukstjenester SA

Årsmelding 2015

Styret 24 03 – 18 08 2015

Leiar	Knut Johan Tjugen	6789 Loen
Nestleiar	Salvatore Ligia	6750 Stadlandet
	Sonja Skåre Esperø	6798 Hjelledalen
	Ragnvald Bergset	6795 Blaksæter
	Heidi Håheim	6788 Olden
Avløysar rep	Joar Sunde	6788 Olden
Varamedlemmer	1. Magnar Barmen	6750 Stadlandet
	2. Oddbjørn Reme	6793 Innvik
	3. Joar Tjellaug	6799 Oppstryn
Vara avløysarrep	Hans Petter Hånes	6750 Stadlandet
Verneombod	Joar Sunde	6788 Olden
	Tlf 57 87 71 86	mob 958 18 150
Revisor	PriceWaterHouseCoopers v/Asle Loen	6783 Stryn
Valnemnd		
Leiar	Svein Per Ervik	6750 Stadlandet
	Edvar Tvinnereim	6796 Hopland
	Antonia K. H. Kongsvik	6781 Stryn
Vara	Bente Drageset	6793 Innvik

I ekstraordinært årsmøte 18 08 2015, vart Hornindal Avløysarlag innfusjonert i Vest Landbrukstjenester.

Styret for 2015 frå 18 08 2015

- | | | |
|------------------------------|---------------------|--------|
| • Knut Johan Tjugen | leiar | på val |
| • Johnny Seljeset | nestleiar | på val |
| • Salvatore Ligia | | |
| • Sonja Skåre Esperø | | |
| • Norunn Britt Rygg Seljeset | | |
| • Heidi Håheim | | på val |
| • Joar Sunde | tilsettrepresentant | |

Varamedlemmar

- | | | |
|--------------------|--|--------|
| • 1. Magnar Barmen | | på val |
|--------------------|--|--------|

Vest Landbrukstjenester
Tonningsgata 4
6783 Stryn

tlf: 57 87 18 22
vakttlf: 488 94 245
e-post: vlt@n-lt.no

org.nr: 871 366 802 MVA
<http://www.vest-landbrukstjenester.no>
Sparebanken Sogn og Fjordane 3795 10 24172

Besøksadresse: Nordsida Næringsstove, Ulvedal.

Opningstider kl 09 – 15 måndag, tysdag og torsdag



- 2. Ragnvald Bergset på val
- 3. Magne Øen på val

Varamedlem tilsettrepresentant

- Hans Petter Hånes

Revisor

- Firda Revisjon & Rådgivning AS på val

Valnemnd

- Anne Bråten Seljeset leiar på val
- Svein Per Ervik
- Bente Drageset
- Einar Helge Tomasgard vara på val
- Åge Ervik vara på val
- Gunnar Hjelle vara på val

I 2015 har laget 233 medlemar (Av dette frå Hornindal AL 51 medlemar) (2014: 183 medlemar). Vi har arbeidsgjevaransvar for 188 medlemar inkl 3 næringsdrivande.

Lønn som er utbetalt gjennom laget:

- Ferie/fritid kr 6 959 179. Av dette er kr 2 647 574 lønn til familie avløyning
- Sjukdomsavløyning kr 2 035 672
- Andre oppdrag kr 2 718 234
- Landbruksvikar kr 1 187 488

Avløyning

Vi har i 2015 to avløyningar i Stryn kommune. Oldedalen/Olden Avløyning og Randabygda Avløyning. I begge er det 6 medlemar. I kvar av ringane er det ein fast tilsett. I Hornindal har vi samarbeid mellom 3 medlemar som har ein fast avløyning, i tillegg er det samarbeid mellom 5 medlemar som har ein fast avløyning. Vi har også 2 avløyningar som er fast hjå ein medlem kvar.

Utanom dette, har vi ikkje nokon fast som kan ta avløyning i sitt næringsområde.

Landbruksvikarordninga

I 2015 var det i Hornindal og Stryn kommunar desse LV; Per Hilde tilsett i 100% fast stilling, Trude Mari Kvamme tilsett i 50% fast stilling (fram til 28 02). Leif Rand tilsett i 50% fast stilling frå 1. mars. I tillegg var Yasmin Vikøren (i tida 01 02 – 31 08), samt Hans Petter Hånes på avtale under denne ordninga i Selje kommune og Ronny Tvinnereim i Stryn kommune.

Bemanning på kontoret

Dagleg leiar Knut Sigurd Gald i 70% stilling. Rand Rekneskapskontor v/Liv-Ingrid Iversen Rand har sjukdomssaker og rekneskapet til Vest Lt. Dagleg leiar Ola Rygg i 55% stilling i Hornindal AL (01 01 – 31 08)



Styremøter

Styret har hatt 4 styremøter i 2015 og 1 forhandlingsmøte i arbeidsgruppa for fusjonsforhandlingar, der mellom anna desse sakene er handsama:

- Fusjon mellom Hornindal Avløysarlag og Vest Landbrukstenester
- Medlemskontingent
- Påslag ferie og fritid
- Bemanning i administrasjonen
- Krav om MRSA-testing av avløysarar frå utlandet

Årsmøte

Årsmøtet vart halde på Stryn Hotel 24. mars 2015, med tilsaman 13 personar. Vi hadde organisasjonssjef i Sogn og Fjordane Bondelag Merete Støfring som føredragshaldar.

18. august 2015 vart ekstraordinært årsmøte i Hornindal Avløysarlag halde samtidig med ekstraordinært årsmøte i Vest Landbrukstenester, på Best Western Raftevolds Hotel, med tilsaman 17 personar. I dette møtet vart fusjonen mellom Hornindal AL og Vest LT vedteken i kvart av laga og så vart årsmøtedeltakarane samla for å vedta nye vedtekter, velje nytt styre og vedta revidert budsjett.

Landbruksvikarkurs – avløysarkurs

Dette årlege kurset er eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og vart arrangert for 8. gong på Fleicher Hotel på Voss. I 2015 var det 2 deltakarar frå Vest LT.

Haustsamling Stjørdal

Der deltok dagleg leiar Knut Sigurd Gald. I framkant av haustsamlinga deltok DL på kurset for lokale forhandlingar.

Tema på haustsamlinga:

- tilsettes/tillitsvaldes time med diskusjon om administrering av LV, arbeidsmiljølova, smittevern, rekneskapsforståing
- fylkesvise samlingar
- forsikringar
- krisehandtering
- webtemp
- nye forskrifter
- administrasjonshandboka
- motivasjon ved Ingebrigt Steen Jensen

Kontordag i Selje

Liv-Ingrid og Knut Sigurd hadde kontordag på Cafe Cornerstone på Leikanger 11. november 2015. Det kunne vore fleire som nytta seg av mulegheita til å treffe oss. Frå administrasjonen si side ser vi det som svært nyttig å ha desse kontordagane slik at vi har høve til å treffe medlemene i Selje over ein kaffikopp og for dei å kunne ta opp sine saker direkte.



Førejuls møte

Torsdag 12. november var kontortilsette og styret samla til styremøte på Stadt Gardsmat, Ervik på Stadlandet. Administrasjonen hadde i tillegg møte med landbruksvikarane og avløyssarane. Mellom desse to møta vart det servert juleallerken, der vi overrekte ei bok og takka Ola Rygg for lang og tru teneste i Hornindal Avløyssarlag som dagleg leiar.

Datasystemet

Datasystemet vårt er tilslutta terminalserver hjå Norske Landbrukstenester (NLT). Vi brukar framleis SunPro lønn og SunPro rekneskap, som dataverktøy. Frå 1.1.2015 er eit nytt lønnsprogram teke i bruk, SunPro Lønn utgåve 2 (SL2). Denne er tilpassa den nye A-ordninga til Skatteetaten, som har ein del endringar på rapportering av lønn.

Heimesida

Heimesida vert levert av Netsense og vert administrert av DL.

Diverse

- Fusjonen mellom Hornindal AL og Vest LT har teke ein del ressursar og tid i 2015.
- Nye forskrifter for refusjon av avløyssing er teke i bruk i løpet av året.

Ulvedal 15. mars 2016

Knut Johan Tjugen

Knut Johan Tjugen

- Styreleiar -